


Vedlegg 3 – Kravspesifikasjon

Meland kommune dreiv deponi for hushaldsavfall på gnr. 27 bnr. 5 frå midten av 1970-talet og ei tid frametter.

Fyllplassen er registrert som Moldekleiv søppelfylling (4194) i grunnforurensingsdatabasen. Vi ber interesserte tilbydarar om å gjere seg kjent med informasjonen som ligg tilgjengeleg i grunnforurensingsdatabasen.



Kart over fyllplassen. Kjelde: grunnforurensingsdatabasen

I 2018 fekk kommunen varsel om pålegg om å undersøke fyllplassen nærare. Varselet ligg som vedlegg til konkurransegrunnlaget, og danner grunnlaget for kravspesifikasjonen.

Leveranse

Meland kommune ønskjer tilbod på undersøking av det aktuelle arealet på GBNR 27/5. Undersøkinga skal omfatte følgjande:

- Beskriva lokaliteten, gjera greie for noverande og tidlegare aktivitet på området, areal, volum og typar avfall som er deponert, framtidig arealbruk og eventuelle helse- og miljøkonfliktar
- Vurdering av forureiningssituasjonen med kjelder til forureining, spreingsveggar og mogelege effektar som kan oppstå. Dersom slike effektar har oppstått eller kan påvisast skal dei beskrivast
- Relevante undersøkingar og prøvetaking av vatn, jord m.v.
- Vurdering av helseisiko, helsebaserte tilstandsklassar etter rettleiar TA-2553/2009 frå Miljødirektoratet
- Om dagens eller framtidig bruk av området eller spreing av forureiningar utløyser behov for å gjennomføra tiltak

Undersøkinga skal leverast i form av ein rapport til kommunen. Leveringsfrist er 31.10.19.